

Jens Johan Hyvik, Oddmund L. Hoel og Harald Krøvel (red.)

Med påhalden penn?

1814 sett frå Nordvestlandet og Telemark



NOVUS FORLAG
OSLO 2014

© Novus AS 2014.

ISBN 978-82-7099-761-9

Prosjektet har fått støtte frå Noregs forskingsråd.

Omslag: Geir Røsset

Omslagsillustrasjon: Fullmakt til valet til riksforsamlinga 1814 frå Eivindvik prestegjeld, Sogn og Fjordane. Digital attgjeving ved Riksarkivet. Briggen John, eigd av eidsvollsmannen John Moses. Rekonstruert av Tore Tøien (ca. 1970) etter fotografi av ein akvarell av Johan Fr. L. Dreier (1813). Eigar: Øivind Frisvold. Portrett av eidsvollsmannen Taleiv Olsson Huvestad. Foto: Eidsvoll 1814.

Det må ikkje kopierast frå denne boka utover det som er tillate etter *lov om opphavsrett til åndsverk, lov om rett til fotografi og Avtale mellom staten og rettighetshavernes organisasjoner om kopiering av opphavsrettslig beskyttet verk i undervisningsøyemed.*

Dei fyrste valmenn og røysteføre i Sogn med vekt på Jostedalen og Luster

Oddmund L. Hoel

Korleis arta dei store rikspolitiske hendingane i 1814 seg på lokalplan i Sogn, og korleis var det lokale engasjementet kring vala til riksforsamlinga og dei fyrste stortinga? Det er dei sentrale spørsmåla som denne artikkelen vil prøve å gje svar på.

I 1814 var Sogn ti prestegjeld på båe sider av den langstrekke Sognefjorden: Eivindvik, Lavik, Vik, Leikanger, Aurland, Lærdal, Sogndal, Hafslo, Luster og Jostedalen. Prestegjelda utgjorde Sogn prosti, som i 1819 vart delt i Ytre Sogn og Indre Sogn. Tinglaga i Sogn var delte i Indre og Ytre Sogn futedøme alt på 1600-talet, men i periodar med same fut.

Det økonomiske tyngdepunktet i Sogn hadde historisk lege i dei indre fjordbygdene med store skogar og rike jordbruksområde. Denne granskinga har heile Sogn som utgangspunkt og byrjar med eit blick på kva som eventuelt særprega fullmaktene og valmannsvala til riksforsamlinga i prestegjelda i regionen.

Deretter vil fokuset bli snevra inn til Indre Sogn og særleg til prestegjelda Luster og Jostedalen og til ein viss grad Hafslo. I Luster og Jostedalen vil det sparsame kjeldetilfanget bli brukt til å freiste teikne eit bilete av korleis lokale konflikatar i bygdesamfunna greip inn i vala i 1814 og dei fylgjande åra. For Luster sin del går det særleg på verknadene av den sterke haugianske vekkinga frå 1801/02 og på etableringa av fleire allmenntytige tiltak dei siste åra før 1814. Til slutt vil det bli granska kven og kor mange i det vesle prestegjeldet Jostedalen som skaffa seg røysterett i 24-årsperioden frå 1814 til 1838.

Nyhendet om regentskiftet og riksforsamlinga


Biskop Johan Nordahl Brun i Bergen sende 5. mars vidare Kristian Fredriks brev av 19. februar til prostane i stiftet, og deretter ekspederte prostane brevsendinga vidare til sokneprestane (sjå Timberlids artikkel). Niels Dahl i Eivindvik, prestegjeldet i amtet som låg nærast Bergen, rakk å gjennomføre bededagen alt 11. mars og må dermed ha fått brevet direkte frå biskopen slik at han rakk å kunngjere bededagen under gudstenesta søndag 6. mars. Alle andre sokneprestar i amtet rakk å gjennomføre bededagen fredag 18. mars, altså kunngjorde dei truleg bededagen under gudstenesta 13. mars og må då ha fått brevet før det. Frå Hafslo veit me at sokneprest Niels Friis fekk brevet frå prost Anders Daae (Leikanger) torsdag 10. mars.¹

Adressa frå Sogndal 18. mars byrjar med at «Rygtet om Norges Afstaaelse til Sverrig naaede ogsaa til denne Egn» før Kristian Fredriks brev av 19. februar nådde fram. Brevet hadde uttrydda «De mørke Ahnelser, som vare en naturlig Følge af denne Uvished».² Dette er den einaste fullmakta frå Sogn som fortel at ryktet om avståinga av Noreg ved Kiel-freden 14. januar hadde gått før breva, men det er sannsynleg at det var tilfellet i mange bygder. Postvegen mellom Kristiania og Bergen gjekk gjennom Lærdal og Aurland.

Bortsett frå Eivindvik vart altså den føreskrivne bededagen halden fredag 18. mars i hovudkyrkjene i Sogn. Fullmaktene er dei viktigaste kjeldene til kva som gjekk føre seg på bededagen, men dei knappe innførslane i ministerialbøkene kan òg seie noko om korleis soknepresten har oppfatta og formidla hendingane.

Sokneprest i Jostedalen var Holger Halling Schjødt (38 år), som hadde teke over embetet halvtanna år før. Han skriv kort at «Den 18d Martij holdtes Bededag i Anledning af Hans Kongl Høyhed Prins Regentens Regjerings Antagelse og blev Almuen tagen i Eed, tillige aflagde jeg selv Eed.»³ Som danskfødd måtte Schjødt ta stilling til om han ville avleggje eid slik norske embetsmenn måtte, eller seie frå seg embetet (jf. innleiinga). Schjødt valde å avleggje eid, og han vart verande embetsmann i Noreg livet ut.⁴

1. Alle datoar frå Statsarkivet i Bergen. Hafslo sokneprestembete. Journal 1814, fol. 65. Ein stor takk til Hermund Kleppa for denne opplysninga.
2. Alle sitat frå fullmaktene i mars 1814 er frå Olafsen og Birch-Reichenwald 1914: 44–65.
3. Arkivverket. Digitalarkivet (AD). Ministerialbok for Jostedalen 1807–1837: 21a.
4. Lampe 1896: 6.



Sokneprest i Hafslø var Niels Friis (73 år), som tok over embetet i 1792.⁵ Innførsla hans er noko lengre: «Fredag 19de[!] Marti blev holdet Bede Dag ved Hafsløe da der ogsaa af Prædikestoelen blev oplæst Kong Frederiks den 6tes Frasigelse og Afstaaelse af Kongeriget Norge til Sverrig, ligesaa Prinds Regenten Christian Frederiks modtagelse af Regentskabet over benevnte Kongerige Norge og blev der Villige til Høystsamme aflagt Troeskabs Eeden.»⁶

Sokneprest i Luster var Edvard Qvale (48 år), som hadde hatt embetet sidan 1803.⁷ Han har notert fylgjande om bededagen som vart halden i hovudkyrkja i prestegjeldet: «I Luster Dale Søndag den 18de Marts – Bededag og Udnævnelse af Valgmænd i Anledning af Norges attraaede Selvstændighed.»⁸ Han har såleis funne det viktig å framheve *valet* og *sjølvstendet*.

I Sogndal har kyrkjeboka meir utførlege opplysningar om kva som gjekk føre seg. I tillegg til adressa frå prestegjeldet vart det i Sogndal utferda eit dokument som stadfeste eidsavlegginga med dei same underskrivarane som

Sokneprest Niels Friis sin innførsel i kyrkjeboka for Hafslø. Bededagen vart også her halden fredag 18. mars, ikkje 19. mars, slik han har notert.

5. Lampe 1896: 25.

6. AD. Ministerialbok for Hafslø 1807–1821: 18a.

7. Lampe 1896: 14.

8. AD. Ministerialbok for Luster 1803–1821: 146.

i adressa. Her står det: «Hvor da dette Præstegields Indvaanere med Eed og oprakte Fingre lovede at ville forsvare Norges Selvstændighed og vove Liv og Blod for Fædrelandet, hvilken Eed blev afsagt med Enthusiasme som vidner om det bedste Fædrelandssind».⁹

Arne Bergsgård meiner at fullmaktene i dei aller fleste tilfelle må vere førde i pennen av prestane, som hadde skrive dei ferdig før forretningane på bededagen vart haldne. Dei var jamt over skrivne i den vanlege underdanige og tilbedande stilen som prega skriv til Kongen, og dei er fylte med det Bergsgård med sin skortande sympati for sjangeren kallar «presteleg svada».¹⁰ Det eine hovudinstrykket Bergsgård meiner fullmaktene formidlar, er at «bededagen har vori ei stor høgtid, og at sjølvstendeeiden har vori gjord med glede». Det andre hovudinstrykket hans er «takksemda mot Christian Frederik for at han har teki på seg landsstyringa». Dette er råkande for fullmaktene frå Sogn. Dei er dominerte av ei meir eller mindre utmålande hylling av og takksemd til Kristian Fredrik, og går elles berre inn på dei meir forretningsmessige sidene om avlegging av eid og val av representantar. Også fullmakta frå Luster dreiar seg hovudsakleg om hylling av prinsen og refererer jamvel til at ein «har hørt det meget Gode, som fortælles om Deres Kongelige Høihed», trass i at presten Qvale berre feste seg ved sjølvstendet i innførselen i ministerialboka.

Bergsgård har merka seg at knapt 1/3 av fullmaktene ikkje har noka hylling til prinsen, og han finn ei overvekt av dei i grenseamta Hedmark, Akershus og Østfold attåt Jarlsberg og Nordland. Han har som ei mogleg forklaring at det var i desse områda folk var reddast for ein eventuell krig.¹¹

I Sogn er det nokre få unntak frå prinsehyllinga. Fullmaktene frå Hafslo og Lavik skil seg ut som særleg knappe og inneheld berre ei stadfesting av at dei føreskrivne forretningane er gjennomførde utan fleire vakre ord om prinsen enn det som ligg i den reint formelle tituleringa. Likevel er det fullmakta frå Leikanger som skil seg mest ut. Ho har inga hylling av eller takk til prinsen, men derimot ei kraftig understreking av at det fanst eit fedrelandssinn både hjå embetsmenn og allmugen i preste gjeldet som gjorde «at ville hævde Norges Selvstændighed og ... vove

9. AD. Ministerialbok for Sogndal 1809–1821: 182b (kopi av brevet).

10. Bergsgård 1943–46: 10f.

11. Bergsgård 1943–46: 15.

Liv og Blod for det elskede Fædreland». Denne fullmakta understreka òg at vala var til møtet på Eidsvoll som skulle «stemme til Antagelsen af Norges Regjæringsform». Dette var ikkje anna enn ei parafrasering av Kristian Fredriks brev, men det var eit unntak i fullmaktene frå Sogn at dette vart framheva. Fleire andre fullmakter framhevar òg sjølvstendet, og adressa frå Jostedalen går lengst i å understreke at å «underkastes det svenske Aag, stedse [har] været Nordmanden ubehagelig», og at inkje trongst meir enn «at ville hævde dets [Noregs] Selvstændighed, og tilbagegive det sin tabte Fred og Velstand». Men denne fullmakta, som alle andre bortsett frå Leikanger, som nemner verdien av sjølvstendet, set sin lit til at det er prins *Kristian Fredrik* si oppgåve å verne sjølvstendet og tryggleiken.

Elles er det berre ei av fullmaktene frå Sogn som skildrar korleis eidsavlegginga gjekk føre seg – framgangsmåte og ordlyd var detaljert skildra i rundskrivet til biskopane. I Vik var innbyggjarane samla i

...Hopperstads Hovedkirke under Følelsen af den inderligste Taknemmelighed til Deres Høihed, som nu i Norges Stats iværende slibrige Stilling, faderligen paatog Dem at være vore Regent, og at værne om Statens Sikkerhed, Frihed og Rolighed, høitideligen med Fædrelands-Sind, og med oprakte Fingre aflagt Eed paa: «At hævde Norges Selvstændighed, og at vove Liv og Blod for det elskede Fædreland».

Dei mest detaljerte opplysningane om bededagen i Sogn har me frå Lærdal. Sokneprest Ulrik Frederik Bøyesen sytte for å få prenta tala han heldt i kyrkja, og av teksten går det fram både på kva tidspunkt han las opp breva frå Fredrik 6. og Kristian Fredrik, det føreskrivne utdraget frå Salmane og sytte for avlegging av eiden.¹² Bøyesen opna gudstenesta med å påkalle det historiske alvoret: Den saka som samla kyrkjelyden i dag, var så eineståande at «Historien neppe viser os noget lignende Exempel. Det gjelder intet Mindre, end om vi skal være et frit, selvstændigt Folk, eller om vi skal begive os under et fremmed Slaverie». Noreg var truga av ein «herskesyg Naboes grusomme Politik», som ville «splitte det Broderbaand, som gjennem flere Aarhundreder havde forenet os, med den Danske Stat». Dermed var tonen slegen for tala til Bøyesen: Det var snakk om å mane til kamp, om naudsynt krig, mot den svenske

12. Bøyesen 1814.


fienden for «til sidste Blodsdraabe at forsvare vor Ære og Sælvstændighed». Det var ei lukke at «vor Stats Ror nu kan lægges i en retmæssig Styrers Hænder», altså Kristian Fredrik – «Norges ædle, odelsbaarne Drot, Rigets fødte Arving!». Etter å ha lese opp Kristian Fredriks opne brev og kunngjering bad så Bøyesen kyrkjelyden om å avleggje eiden før preika og opplesinga av bibelteksten. Deretter følgde prestens tale som spann kring fedrelandskjærleiken, forsvaret for «Fædrelandets Ære og Selvstændighed» og behovet for å stå imot fienden. Bøyesen gjekk *ikkje* inn på det som skulle skje på Eidsvoll, og han gjekk *ikkje* inn på konstitusjonelle spørsmål som maktdeling og røysterett. Men ein kan merke seg at han opna gudstenesta med helsinga «Medborgere!».

Bøyesens tale gjev ei nyttig utdjupeing til kva som hende i kyrkjene i Sogn på bededagen, men til liks med dei andre kjeldene er det embetsmannens røyst me høyrer, og tala er mest av alt ei stadfesting av det biletet me får gjennom fullmaktene og innførslane i kyrkjebøkene. Ein kan alltids mistenkje sokneprest Jacob Thode i Vik, dei tre andre embetsmennene og dei tolv frå bondestanden som skreiv under fullmakta i Vik, for ha smurt på ei formulering som at eidsavlegginga gjekk føre seg «høitideligen med Fædrelands-Sind». Men når fullmakta frå Sogndal som nemnt legg vekt på at eidsavlegginga gjekk føre seg med entusiasme, må me ta det som eit teikn på at mange sogningar faktisk oppfatta eidsavlegginga som ei viktig hending og ei høgtidsstund i kyrkjene.

Valmannsvalet 18. mars

Det har vore peika på at rundskrivet frå Kristian Fredrik til biskopane *ikkje* gav detaljert instruks for korleis valmannsvala skulle gå føre seg, og at det var mykje varierende praksis.¹³ Fullmaktene og kyrkjebokinnførslane frå Sogn gjev *ikkje* mykje innsikt i korleis valet gjekk føre seg. Skortten på opplysningar kan såleis løyne ein varierende praksis, men i den grad me faktisk får vite noko, ser praksisen ut til å ha vore heller einsarta. Einast Hafslø skil seg ut. Fullmakta tyder på at kyrkjelyden hadde valt tolv menn som saman med embetsmennene hadde valt dei to representantane som skulle møte på distriktsforsamlinga i Vik 30. mars. Dei tolv

13. Arkivverket. 1814 – våre første nasjonale valg. <http://www.arkivverket.no/arkivverket/Tema/1814/1814-vaare-foerste-nasjonale-valg> [Tilgang 18.8.2013].



Lars Johannes Irgens (1775–1830) var ein av dei tre eidsvollsmennene som var valde av Nordre Bergenhus amt. Den tidlegare offiseren vart sorenskrivar i Indre Sogn i 1803 og hadde embetet livet ut. Han budde i 1814 på Lofthesnes i Sogndal.

kom frå alle fem sokn i prestegjeldet (hovudsoknet Hafslo og anneksa Joranger, Fet, Solvorn og Urnes), og kvart sokn var representert med 2–4 gardbrukarar. Her vart altså valmannsvalet truleg gjennomført som eit indirekte val der dei tre embetsmennene i prestegjeldet relativt sett fekk større innverknad på valet enn dei hadde hatt ved direkte fleirtalsval i kyrkjelyden. Men ut over dette ser det ut til at dei andre ni prestegjelda i Sogn valde valmennene direkte. Ei fullmakt (Leikanger) presiserer at dei to vart valde av «samtlige Tilstædeværende».

Noko variasjon var det i kven som skreiv under fullmakta. Kristian Fredrik hadde i brevet til biskopane 19. februar gjeve retningsliner for kven og kor mange som skulle skrive under (sjå innleiinga). Praksisen frå Hafslo om at 12 valde menn saman med embetsmennene valde dei to representantane, må kome av ei tolking av føresegna om kven som skulle underskrive fullmakta. Alle fullmaktene frå Sogn var underskrivne av 12 allmugemenn bortsett frå Leikanger (11), men det varierte kven som vart rekna som «Øvrigheds-Personer og Embedsmænd». Lensmennene og klokkarane vart i somme prestegjeld rekna mellom dei 12 «agtværdigste» menn av allmugen, i andre prestegjeld som «Øvrigheds-Personer» som skreiv under i tillegg til dei 12. Det fyrste var det vanlege, men i Lærdal

skreiv både klokkaeren og dei tre lensmennene (for Lærdal, Borgund og Årdal) under fullmakta som øvrigheitspersonar. Grensene mellom stendene var altså ikkje heilt faste og absolutte.

Kven vart valde, og kven vart ikkje valde?

Korkje fullmaktene eller andre kjelder gjev direkte innblikk i om det var konflikhtar eller usemje kring vala i nokon av prestegjelda i Sogn. I fullmaktene frå Lavik og Eivindvik vert det presisert at dei to representantane vart valde samrøystes, men fråværet av ei slik presisering i dei andre fullmaktene kan ikkje tolkast som at det var fleire kandidatar.

I mangelen på direkte opplysningar må ein difor nærme seg dette på anna vis. Ein måte er å sjå på kven som vart valde, og samstundes også på kven som *ikkje* vart valde. Dei to valmennene skulle veljast mellom dei sivile, geistlege eller militære embetsmennene, brukseigarar, jordrottar eller gardbrukarar (over 25 år), og ein av dei skulle vere av bondestanden (jf. innleiinga).

Eit fyrste trekk når ein ser på utfallet av valet, er eit markant skilje mellom Sogn på den eine sida, og Fjordane (Sunnfjord og Nordfjord) på hi. På distriktsforsamlinga i Vik møtte 42 valde utsendingar frå dei 21 prestegjelda attåt amtmannen. Dei utgjorde ei sterkt bondedominert forsamling. 25 var gardbrukarar, tre var forlikskommisarar, og fire var lensmenn. Dessutan møtte ein gjestgjevar og ein handelsmann/proprietær.

Berre åtte av dei valde utsendingane kom frå embetsstanden. Det var fem sokneprestar, ein personleg kapellan, ein sorenskrivar og ein fut. Sogn skil seg klart ut som den regionen som valde flest embetsmenn – heile sju av dei åtte embetsmennene kom herifrå. Også tre av dei fire lensmennene på distriktsforsamlinga kom frå prestegjelda i Sogn. Det er ingen tydeleg skilnad på Ytre og Indre Sogn. Ein kan spekulere i om det sterke presteinnslaget frå Sogn kan kome av at det hadde breidd seg ei oppfatning i embetsmannsmiljøet i Sogn om at det var viktig å la seg velje, eller om det kom av at dei hadde kortare reiseveg til distriktsforsamlinga i Vik enn fjordingane. Men Gaute Losnegårds artikkel viser òg at det i 1814 knapt fanst prestar i Sunnfjord som var i stand til å la seg velje, så ein skal vere varsam med å leggje for mykje i den høge preste-representasjonen frå Sogn.

Det kan òg vere interessant å sjå kven om *ikkje* vart valde frå prestegjelda i Sogn.¹⁴ Av embetsmennene er det fleire som glimra med fráværet. Det gjeld ikkje minst den svært aktive soknepresten og seinare stortingsmannen (hausten 1814, 1827–28 og 1830) Niels Dahl i Eivindvik, prost Anders Daae i Leikanger, sorenskrivar P. B. Voss for Ytre Sogn (Leikanger) og sokneprestane i Vik (Jacob Thode), Sogndal (C. W. Kamstrup), Jostedalen (H. H. Schjødt) og Hafslø (N. Friis). Sjølv om halvparten av prestegjelda i Sogn sende prestar til distriktsforsamlinga, var presten langt frå sjølvskreven som representant for lokalsamfunnet. Det er det grunn til å merke seg i lys av at presten både var formann i skulekommisjonen, fattigkommisjonen og forlikskommisjonen i prestegjeldet. Her ser det såleis heller ut til å vere praksisen frå bygdetinget som vart teken med inn i valet. Der spela presten ei meir underordna rolle enn i dei andre styrings- og forvaltningsorgana.

Når det gjeld bondestanden, kan ein elles merke seg at ingen klokkarar vart valde, korkje frå Sogn eller andre delar av amtet, og mange lensmenn vart òg sitjande heime sjølv om sogningane hadde ein større hang til å velje lensmenn enn resten av amtet. Lærdal prestegjeld hadde heile tre lensmenn å velje mellom (for tinglaga Lærdal, Borgund og Årdal), men sende attåt soknepresten den framståande gardbrukaren og postopnaren Peder Hjermann, som òg vart vald til riksforsamlinga.

Rundskrivet frå regenten sa at ein av dei to valde frå kvart prestegjeld skulle vere av bondestanden, og i Sogn var tolkinga i større grad enn i Sunnfjord og Nordfjord altså at den andre då skulle vere øvrigheitsperson eller embetsmann. To av ti prestegjeld i Sogn sende likevel to frå bondestanden til møtet i Vik – Eivindvik og Jostedalen.

Jostedalen skal me sjå nærare på nedanfor, men fyrst eit blick på Hafslø og Luster. I Hafslø er det ein opplagd grunn til at sokneprest Niels Friis ikkje let seg velje. Han var 72 år, og han døydd berre to månader etter valmannsvalet (på sjølvaste 17. mai). Han har ført kyrkjeboka fram til 8. mai,¹⁵ men hadde neppe ei helse to månader før som gjorde det aktuelt for han å dra til Vik. Heller ikkje den andre embetsmannen som signerte fullmakta, major Munthe, vart vald, uvisst av kva grunn. Det vart i staden gardbrukaren Lars Grov og forlikskommisær Mogens Tobiesen (65 år). Tobiesen var frå Kongsberg, kom til Hafslø

14. Dei fylgjande namna etter fullmaktene, Olafsen og Birch-Reichenwald 1914: 44–65.

15. AD. Ministerialbok for Hafslø 1807–1821: 19a.

som prokurator og gifte seg til Ornes.¹⁶ I 1801 budde han og kona hjå svogeren Samuel Bugge på Ornes, og i folketeljinga står den triste opplysninga at han var «Forhen procurator, brødløs, fattig og logerende» medan svogeren Bugge var forlikskommisær.¹⁷ Tobiesen har likevel kome seg opp att, og i 1814 hadde han altså teke over som forlikskommisær. Den andre utsendingen, Lars Grov (40 år), var frå Solvorn sokn. Ingen av dei to representantane frå Hafslo kom såleis frå hovudsoknet. I Hafslo er det elles lite kontinuitet å spore i dei fylgjande valmannsvala.

Luster: Haugianarane

Eit politisk og kulturelt særdrag med Luster kring 1814 var den sterke stillinga til haugianarane. Vekkingssbylgja etter Hans Nielsen Hauges vitjingar i Luster i 1801 og 1802 var omfattande, og prestegjeldet vart eit bruhovud for den tidlege haugerørsla i Sogn (jf. Losnegårds artikkel).

Inntoget til haugianismen førte raskt til konflikhtar i Luster, og alt i 1803 var det ein lokal rettsprosess mot fleire haugianarar. Bøndene Peder Jensen Hetle og Ole Tollefsen Yttri hadde meldt fleire haugianarar i Luster for å «forlede folk til at antage deres meninger og derefter overtaler dem til at bortgive, hvad de eier til samfundets kasse». Resultatet vart ein lengre rettsprosess på dei tre neste tinga som enda med at amtmannen fekk i stand eit forlik.¹⁸

Etter at Hauge vart arrestert og den statlege undersøkingskommisjonen innleidde granskningane sine, førte det til omfattande rettslege avhøyr i Luster. På sju dagar i desember 1806 og januar 1807 vart 29 vitne avhøyrde på tinget i Luster, og deretter fire vitne i Hafslo.¹⁹ Vitnemåla gjer det mogleg å danne seg eit godt bilete av det haugianske nettverket i dei to prestegjelda på dette tidspunktet. Nærare 30 personar er namn-

16. Arkivverket. Forum for Digitalarkivet. Mogens Hanstoffer Tobiesen. <http://forum.arkivverket.no/topic/173393-mogens-hanstoffer-tobiesen-1749-1820-prokurator-fraa-kongsberg-til-urnes-i-sogn-huslyden-hans/> [Tilgang 18.8.2013].

17. AD. Folketeljinga 1801. <http://digitalarkivet.arkivverket.no/ft/person/pf01058397001988> [Tilgang 18.8.2013].

18. Tang 1909, som er det sentrale arbeidet om haugianarane i Luster, jf. Laberg 1926: 103–112, som i stor grad byggjer på Tang.

19. Rettsdokumenta er grundig refererte av Tang 1909. Der anna ikkje er nemnt, er opplysningane om haugianarane i Luster henta herifrå. Originaldokument: Arkivverket. Digitalarkivet. Skanna rettargangsmateriale. Ekstraretsprotokoll for Indre Sogn sorenskriveri 1804–1810: 152b ff.



Maktsentrumet i Luster, fotografert 1890–1905 av Johan Rumohr Døsen: Midt i bildet Dale kyrkje, der bededagen 18. mars 1814 vart halden, lenger framme til venstre tingstova på Døsen, der haugianarane måtte møte for retten både i 1803–04 og 1806–07.

gjevne som haugianarar i Luster, og sokneprest Edvard Qvale, som etter beste evne prøvde å demme opp for svermeriet, hadde hausten 1804 meldt i ein rapport til amtet at «Alle Skoleholdere, Lensmanden med ganske Familie og mangfoldige Andre vare Hans Nielsen Huges ivrigste Tilhængere» og at «næsten i hvert Hus fandtes hans Skrifter og der holdtes ofte Opbyggelsesforsamlinger».²⁰

Avhøyra i 1806–07 etterlét ingen tvil om at Torgeir Halvorsen Næss var den røynlige leiaren for haugianarane i Luster sjølv om han nekta for å ha fått noko slikt kall av Hans Nielsen Hauge. Næss, som var 34 år på dette tidspunktet, dreiv storgarden Nes, var ein svært dugande jordbrukar også etter Qvales vurderingar, og var involvert i drifta av både ei

20. Bang 1910: 283.

kvern, eit sagbruk og ei jekt i Feigum på sørsida av Lustrafjorden. Etter kvart starta han både garveri, saltkokeri, fargereri og meir til.²¹

Som Qvale rapporterte i 1804, hadde haugianismen raskt fått innpass i det lokale maktapparatet i Luster. Alt under den fyrste vitjinga i 1801 vart den 65-årige lensmannen Arne Hansen Leri (Lerum) og familien hans gripen av vekkinga. Eit vitne hevda jamvel at Arne Hansen var syskenbarnet til Hans Nielsen Hauge, noko som på ingen måte var tilfellet – Arne Hansen var av husmannsfolk i Luster.²² To av sønene hans vart sær sentrale i det haugianske miljøet. Daniel Arnesen (1782–1870) førde Feigum-jekta mellom Bergen og Luster, og han vart såleis eit viktig kontaktledd mellom haugianarane i Luster og Hans Nielsen Hauge, som hadde slege seg ned som kjøpmann i Bergen. Daniel Arnesen vart seinare ein vidgjeten lekpreikar. Ein annan son av lensmann Arne Hansen heldt seg under radaren og vart ikkje avhøyrd som vitne i 1806–07 og ser heller ikkje ut til å ha vorte nemnd i vitneforklaringane. Det var den eldre Hans Arnesen Urdahl (1769–1829). Han hadde ein god grunn til å halde ein låg profil, for han må på dette tidspunktet ha arbeidd på kontoret til sorenskrivar Lars Johannes Irgens, som leidde avhøyra.²³

Aktiviteten til haugianarane i Luster vart mindre etter at rettsprosessen mot Hauge grep om seg, og i 1809 flytte fleire av dei leiande haugianarfamiliane til Grytten i Romsdalen med jekta til Daniel Arnesen. I Grytten gjekk Arnesen i kompaniskap med haugianaren Halvor Ophus, som vart stortingsmann i 1815. Mellom lustringane som flytte, var òg ein annan seinare svært sentral lekpreikar, Lars Kyllingen.²⁴

Allmugenforeininga i Luster 1812

I Luster finn me att fleire av haugianarane i eit initiativ som Hans Urdahl stilte seg i spissen for våren 1812. Urdahl hadde i 1807 teke over som lensmann etter far sin, Arne Hansen. Amtmann Herman Treschow melde eit knapt år seinare i *Budstikken* at «en frivillig Forening» var «indgaaet imellem en Deel Almuesmænd» i Luster.²⁵ Initiativet hadde Tres-

21. Tang 1909, jf. Lindstøl 1914: 654.

22. Øyane 1987: 317.

23. Lindstøl 1914: 916.

24. Svendsen 1931: 9ff.

25. *Budstikken*, 30.4.1813. Jørn Øyrehaugen Sunde gjorde meg merksam på foreininga. Laberg (1926: 99) nemner foreininga, men tidfester ho gale til 1817.

chows fulle støtte, og *Budstikken* gjev att heile dokumentet. Foreininga tok sikte på å få bukt med den uskikken at det ved bryllaup, gravferder og andre store gjestebod var ein «Overdaadighed i Klædedragt af fremmede kjøbte udenlandske Tøier». At dette er skadeleg for landet, er «indlysende for Enhver», men for bygda var det dobbelt skadeleg og ruinerande. Dei formugande bøndene heldt store bryllaup og gravferder, «og den Fattige synes at være nødsaget til at ligne sin rige Broder, Svoger eller Slægtning, og ruineres derved. Store Penge gaee derved aarligen udaf Landet til Brændeviin og udenlandske Klæder».

For å få bukt med uskikken hadde underskrivarane inngått ei pakt om at dei sjølve ville stå fram som føredøme. Dei hadde sett opp detaljerte føresegnar for kor mykje malt og brennevin som var lov til å bruke i bryllaup og gravferder, og dei ville berre gå i gjesteboda til dei som fylgde føresegnene. Dei ville heller ikkje «bruge andre Klæder end de, som ere spundne, vævede og farvede i Landet af Vadmel eller andre hjemmævædede Tøier» – utanlandske tøy som fløyel og silke var forbodne, også til kanting. Underskrivarane hadde friviljug gått med på å betale mulkt der halvparten «tilfalder Angiveren» og halvparten «den nye Lysters Lære- og Arbeids-Anstalt». Amtmannen kom formelt inn i biletet fordi han stadfeste at bøtene kunne inndrivast med offentleg eksekusjon, noko som vart kunngjort på tinget i Luster 27. februar 1813.²⁶

Tiltaket vart *ikkje* legitimert religiøst eller av omsyn til moralsk fordering, men sosialt og økonomisk av omsyn til dei fattige som ruinerte seg på å etterlikne dei rike, og til nasjonaløkonomien. Grunngevinga var klart nasjonalpatriotisk: Dei som slutta seg til, batt seg til «at handle ædelt, leve oekonomisk og retskaffent, som ægte Normænd, der elske deres kjære Fødeland og Alt hvad som tjener til at conservere Samme».

Attåt lensmann Hans Urdahl er føresegnene underskrivne av 23 lustringar. Fyrst står Torgeir Næss, og av dei 24 er det minst ni med direkte eller familiære band til det haugianske miljøet.²⁷ Torgeir Næss og tre til var mellom haugianarane som var avhøyrd i 1806–07: Peder Einersen Næss og Erik Ottesen Høyum, og Ole Olsen Fortun, som var ein av dei som fekk Hauge til Luster i 1801. Ein annan av underskrivarane, Johannes Rasmussen Feigum, overtok Feigesagi etter Daniel Arnesen, medan

26. *Budstikken*, 30.4.1813.

27. Alle personopplysningar etter Øyane 1984, 1986, 1987, 1991 og 2006.

underskrivaren Hans Pedersen Leri var svigerson til lensmann Hans Urdahl. To underskrivarar, Ole Asbjørnsen Svensøy og Søren Johannesen Flohaug, var bror og svigerbror av haugianaren Elling Asbjørnsen, som flytte til Grytten med Daniel Arnesen i 1809.²⁸

Minst ein tredel av dei 24 underskrivarane hadde såleis band til det haugianske miljøet, truleg fleire. Samstundes er det klart at foreininga hadde eit langt breiare rekrutteringsgrunnlag. Mangelen på kristeleg legitimering peikar då òg mot at initiativtakarane ville femne breitt. Alle dei fire sokna var godt representerte sjølv om flest kom frå hovudsoknet Dale (11). Bak kom Fortun (6), Gaupne (4) og Nes (3). Det mest iaugefallande med initiativet er at det heilt og fullt var menn av allmugen som stod bak, noko amtmann Treschow nettopp framheva som ein god ting. At sokneprest Qvale ikkje var med på initiativet, kan ikkje i seg sjølv tolkast som at han var skeptisk til det. Qvale var rett nok svært kritisk til haugianismen, men la òg ned mykje krefter i å få bukt med det som både han og bygdebokskrivar Jon Laberg drygt hundre år seinare omtala som ei omfattande sedløyse i Luster.²⁹ Her hadde Qvale og haugianarane klare samanfallande interesser.

Legg ein sylvskatten i 1816 til grunn, kan me konstatere at allmugeforeininga ikkje hadde ein eintydig økonomisk profil.³⁰ Snittet i prestegjeldet var høgt – dei 222 skattytarane skaut inn 19,84 spd i snitt. Mest av alle betalte proprietæren Hans Daae (153¾ spd), og på andreplass kom haugianaren Torgeir Næss (124½ spd). Av dei 24 i allmugeforeininga, finn me att 22 på sylvskattlista. Medrekna Torgeir Næss betalte dei 26 spd i snitt, utan Næss 21,4 spd, altså litt over prestegjeldssnittet. Ni skaut inn meir enn prestegjeldssnittet, 13 mindre enn snittet, og medlemene fordelte seg på heile spennet frå Torgeir Næss og ned til 1½ spd. Også sosialt var dette altså ei foreining som rekrutterte breitt.

Embetsmannsinitiativ: arbeidsskule 1811 og sokneselskap 1813

Eit par andre allmennyttige tiltak på same tid var derimot embetsmannsstyrte. Hausten 1811 skipa sokneprest Edvard Qvale ein «Læse- og

28. Svendsen 1931: 9ff.

29. Laberg 1926: 93–102.

30. AD. Sølvskatten 1816 <http://arkivverket.no/arkivverket/Digitalarkivet/Om-Digitalarkivet/Om-kjeldene/Soelvskatten-1816> [Tilgang 15.11.2013].

Arbeids-Skole» på Kvalsøyri i Luster.³¹ Etter søknad støtta Selskabet for Norges Vel skulen med 200 rdl. årleg i to år. Eit viktig føremål var å gjere «landoekonomiske Forsøg paa en Deel af den Skolen tillagte Jord», særleg for å utbreie hagebruket. Qvale hadde oppretta eit legat i 1808 for å støtte skipinga av ein slik skule, som særleg retta seg mot fattige born.³² Lensmann Urdahl og «fire andre Sogne-Mænd» hadde skote saman eit rentefritt lån på 600 rdl. for å oppføre skulebygningen. Det var altså denne arbeidsskulen halvparten av bøkene frå allmugeforeininga skulle gå til.

Eit år etter skipinga av allmugeforeininga, i februar 1813, tok Edvard Qvale eit nytt initiativ, denne gongen til eit sokneselskap som skulle «fremme det almindelige Bedste».³³ Det vart i vedtektene konkretisert til å skaffe ein del skrifter som skulle lånast ut til interesserte og lesast opp i skulen, gje premiar til born og ungdom som viste dugleik i handarbeid og studiar i landøkonomiske skrifter, hjelpe skulehaldarar som byrja med hagebruk, gje fruktstammar og humlerøter til dei som ville innrette hagar, og elles gje heiderleg omtale til dei som utmerkte seg ved «Jordforbedring, Huus- og Konst-Flid eller anden nyttig Virksomhed».

I leiinga for selskapet fann ein den sosiale eliten i Luster: sokneprest Qvale, major Joachim de Knagenhjelm Daae, proprietæren Hans Knagenhjelm Daae, lensmann Urdal og ein bonde frå kvart av dei fire sokna. Det var Ole Asbjørnsen Svensøy frå Fortun, Ole Sjursen Fuhr frå Dale, Hans Olsen Leirmo frå Gaupne og Torgeir Næss frå Nes. Av dei åtte fann ein altså fire som var med i allmugeforeininga, to leiande haugianarar og to som i 1806–07 hadde peika seg ut som dei skarpaste haugianar-motstandarane i Luster: Qvale og andre forlikskommisær Ole Fuhr. Elitepreget i direksjonen vert stadfest av sylvskattelistingene. Qvale og major Daae skaut inn 77 spd kvar, proprietær Daae betalte som nemnt mest i heile Luster (153¾ spd), og fire av dei fem frå allmugen låg til dels langt over snittet (Fuhr 77 spd, Leirmo 50 spd, Næss heile 124½ spd og Urdahl 30¾ spd). Berre Svensøy plasserte seg med 4¾ spd under preste-gjeldssnittet på 19,8 spd.

31. *Budstikken*, 24.1.1812. Laberg (1926: 99) har ikkje fått med seg at skulen faktisk vart skipa, og han ser ikkje ut til å vere omtala i annan lokalhistorisk litteratur.

32. Nilsen 1953: 319.

33. *Budstikken*, 23.4.1813. Laberg (1926: 99) nemner at Qvale fekk til eit «grændelag», men at det «ikkje vart til noko større dei fyrste aari». Men han skriv at det vart skipa opp att med større hell i 1823.

Sokneselskapet var etter vedtektene ei open og demokratisk foreining: Alle som ville fremje «det almindelige Bedste», kunne melde seg inn. Ein kunne velje å bli med i ein av fire klassar graderte etter medlemskontingent, og alle medlemmer hadde framleggs- og røysterrett på årsmøtet (§§ 2 og 10).

Medan rettsprosessane 1803–1807 fortalde om eit høgt konfliktnivå mellom haugianarane og andre grupper i Luster, er det eit bilete av fred, forsoning og samarbeid som pregar dei tre initiativa 1811–1813. Legitimeringa av alle tre tiltaka legg vekt på dei praktiske og økonomiske aspekta medan dei kristelege og moralske er tona ned, og også allmugeforeininga fekk altså si varme støtte frå embetsmannshald (amtmannen). Dei sentrale haugianarane og haugianarmotstandarane samarbeidde òg om arbeidsskulen og sokneselskapet. Dette må nok takast som eit tydeleg teikn på eit lågare konfliktnivå 1811–1813 enn nokre år før. Olav Golf har då òg i arbeidet sitt om haugerørsla framheva dette som døme på «samarbeid mellom en rasjonalistisk prest og en haugianer når det gjaldt praktisk opplysningsvirksomhet». ³⁴

Likevel må det leggjast til at denne framstillinga av tiltaka 1811–1813 byggjer på *Budstikken*. Der kan ein ikkje vente anna enn at konsensusen rår, og at alt som smakar av lokalt konfliktstoff vert halde unna spaltene. ³⁵ Og rett nok var arbeidsskulen og sokneselskapet breie konsensustiltak, men allmugeforeininga var det stikk motsette: Ei foreining som vart skipa med det eksplisitte føremålet å arbeide mot sterke lokale selskaps- og kledeskikkar som somme bønder og bondeslekter var sterke eksponentar for. Det er ikkje dristig å tru at dette har skapt og forsterka konflikhtar i bygdesamfunnet sjølv om kjeldene som er nytta her, teier om dei.

Konflikhtar kring valmannsvalet i Luster?

Det sentrale spørsmålet i vår samanheng er om og korleis konflikten kring haugianarane og det sterke innslaget av organisering både ovanfrå og nedanfrå i åra før 1814 gav seg utslag i vala til riksforsamlinga og i dei fyrste stortingsvala. Ingen kjelder fortel om strid i samband med val-

34. Golf 1996: 157, jf. Nilsen 1953: 319.

35. Ein analyse av tingbøkene ville ha utfylt biletet, men det har det ikkje vore rom for i samband med denne artikkelen.

mannsvala i Luster i 1814, og opplysningane om korleis valet til riksforsamlinga gjekk føre seg, er knappe. Når det gjeld signaturane på fullmakta i mars 1814, viser dei fyrst og fremst breidda i lokalsamfunnet. Her finn ein tre sentrale haugianarmotstandarar (Qvale og gardbrukarane Ole Fuhr og Ole Yttri), men òg tre av dei mest sentrale haugianarane (lensmann Urdahl, Torgeir Næss og Peder Einersen Næss). Av dei tolv bøndene som skreiv under, finn me sju medlemmer frå allmugeforeininga i 1812. Og av dei tre øvrigheitspersonane og fire bøndene som utgjorde direksjonen i sokneselskapet i 1813, manglar berre éin bonde mellom underskrivarane på 1814-fullmakta (Ole Svensøy).

Påstanden om at underskrivarane representerer breidda i Luster har eit par klare atterhald. Det eine er at fleirtalet av bøndene plasserer seg klart i det øvre økonomiske sjiktet om ein legg sylvskatten til grunn. Berre tre av bøndene låg under prestegjeldssnittet, dei ni andre over og til dels høgt over (fire av dei meir enn 2,5 gonger snittet). Det høge prestegjeldssnittet kom av at dei 4000 spd som Luster skulle stille, vart utlikna på berre 222 skattyttarar, som utgjorde kring åtte prosent av innbyggjarane. Til samanlikning vart skatten i Hafslo utlikna på kring 24 prosent av innbyggjarane. Hovudforklaringa er nok det svært omfattande husmannsvesenet i Luster som også fortel oss at det var ein stor sosial kategori i Luster alt i 1814 som ikkje hadde røysterett.

Valmenn frå Luster prestegjeld i mars 1814 vart sokneprest Qvale og lensmann Urdahl, altså dei to fremste organisatorane bak arbeids- og leseskulen i 1811, allmugeforeininga i 1812 og sokneselskapet i 1813. Slik sett er det ikkje noko oppsiktsvekkjande med valet. Me noterer oss likevel at Torgeir Næss *ikkje* vart valmann ved dette høvet. Ved dei to neste vala, hausten 1814 og på nyåret 1815, vart Næss ikkje berre valmann frå Luster, men òg stortingsrepresentant for Nordre Bergenhus. Ved båe desse vala sende Nordre Bergenhus to haugianarar til Stortinget, hausten 1814 Næss i lag med Ole Svanøe frå Kinn, og på Stortinget 1815–16 Næss i lag med Hans Urdahl. Me kan trygt slå fast at så sterkt har Luster aldri seinare, og spesielt ikkje det haugianske miljøet i Luster, vore representert på Stortinget. Det skal òg leggjast til at då Urdahl drog på Stortinget i 1815, tok han med den 18-årige haugianaren Hans Kristofersen Feigum som hjelpesgut.³⁶ Feigum fekk under opphaldet kontakt

36. Store Norske Leksikon. Hans Kristofersen Feigum. http://nbl.snl.no/Hans_Kristofersen_Feigum/utdypning [Tilgang 18.8.2013].

med Hans Nielsen Hauge og byrja seinare som omreisande lekpreikar. På Stortinget i 1815 kom Urdahl med eit framlegg om at det benefiserte godset skulle takserast og seljast med forkjøpsrett for leigendingane, og Næss gjekk imot at embetsmennene skulle få embetsbustader frå det benefiserte godset.³⁷ Ingen av framlegga fekk gjennomslag, men dei er eit døme på den embetsmannskritiske politikken haugianarane på Stortinget førte.

Korkje Torgeir Næss eller Hans Urdahl greidde å bite seg fast som stortingsrepresentantar. Næss var valmann i 1817 og prøvde å sikre seg attval som stortingsrepresentant gjennom å dele ut lister, men amtmann Christian Magnus Falsen greidde å stogge han ved å syte for at det vart val ved opprop (jf. Timberlids artikkel). Dette er det einaste stortingsvalet i Nordre Bergenhus der det står i valprotokollen kven kvar valmann røysta på. Næss fekk ingen røyster, og han vart i dei neste vala heller ikkje valmann.

I 1832 gjorde han comeback og vart valmann med 40 røyster, dobbelt så mange som nr. 2. Denne gongen vart han òg vald til stortingsrepresentant for Nordre Bergenhus. Men med dette var òg den rikspolitiske karrieren hans over. Han var ikkje valmann til 1835-valet. I 1838 kom han som 66-åring att som valmann for siste gong, men fekk ingen røyster på valtinget. Hans Urdahl kom att som valmann frå Luster i 1820 og 1823. I 1820 vart han fyrste suppleant til Stortinget, og han møtte på det ekstraordinære tinget i 1822.³⁸

Det var såleis Ole Svanøe som fekk lengst fartstid som stortingsrepresentant av haugianarane i Nordre Bergenhus. Men lokalt i Luster var haugianarane definitivt ein politisk maktfaktor. Frå innføringa av formannskapslovene i 1837–38 og resten av hundreåret hadde Luster berre bønder som ordførarar, og dei fleste kom frå dei haugianske familiane – mellom anna sat to av sønene til lensmann Hans Urdahl som ordførarar i til saman 27 år fram til 1893.³⁹

Samarbeidet om lese- og arbeidsskulen og sokneselskapet 1811–1813 og dei vantande spora av konflikhtar i 1814-kjeldene kan leie oss til å tru at det heller ikkje var konflikhtar å tale om kring vala i 1814. To kjelder

37. Hommerstad 2012: 135.

38. Statsarkivet i Bergen. Fylkesmannen i Sogn og Fjordane. Valprotokoll 1815–1925: 8b og 10b.

39. Om haugianarane i Luster, sjå elles Laberg 1926: 103–108.

frå året etter fortel oss likevel at ein skal vere varsam med å dra slike slutningar for raskt. Våren 1815 var Edvard Qvale i Kristiania for å vurdere om han skulle søkje det ledige prestekallet i Ramnes, og han oppsøkte då sin gamle studiekamerat Claus Pavels, slottsprest på Akershus og politiskar. Pavels noterte i dagboka si at «Qvale er endnu misfornøiet med Haugianerne». Rett nok hadde det religiøse svermeriet gått over til «gavnlig Virksomhed», men han ottast at dei «herefter ville udgjøre en politisk Sect, der vil gjøre sig det til Princip at nedtrykke Embedsclassen». ⁴⁰ Når Pavels for eiga rekning i framhaldet nemner nokre av «det forrige Storthings mindre hæderlige Medlemmer» som Hans Nielsen Hauge sjølv har sagt var hans vener, dreg han fram Ole Håkenstad, Torgeir Næss og Nils Bro.

Ein annan episode som Marthe Hommerstad nemner i avhandlinga si, er at dei røysteføre i Luster i 1815 klaga til Stortinget over Edvard Qvale si gjennomføring av valmannsvalet. Dei røysteføre skreiv i klaga at Qvale hadde opplyst at det «altid bør vælges i det mindste Een, som er eller har været Kongelig Embedsmand». ⁴¹ I 1814 hadde Qvale òg vendt seg til det ekstraordinære Stortinget med eit spørsmål om han kunne innrette valet slik at ein sikra at ein embetsmann vart vald. Qvale var valmann ved valet til riksforsamlinga, men vart korkje vald i stortingsvalet hausten 1814 eller på nyåret 1815. Stortinget la vekk saka i 1816, men dette etterlèt lite tvil om at det må ha vore ei spent stemning og kanskje open strid kring valmannsvala i Luster i 1814.

Haugianaren Tomas Olsson Amble

I tillegg til haugianarane som kom på Stortinget, er det ein sogning som peikar seg ut i åra kring 1814, Tomas Olsson (1780–1822) frå Kaupanger. Aktiviteten hans er endå eit vitnemål om sambandet mellom lokal haugiansk aktivitet og rikspolitisk engasjement kring 1814. Han kom frå husmannsplassen Øvre Ambla, og dei boklege interessene skulle gje han eit livsløp der han braut heilt ut av det sosiale hierarkiet han var fødd inn i. Han vart sett til skulehaldar etter konfirmasjonen, han kom i kontakt med Hans Nielsen Hauge under Hauges vitjingar i Sogn og vart ein aktiv


40. Pavels 1867: 47 (innførsel 1. april 1815), jf. Hommerstad 2012: 79–80.

41. Hommerstad 2012: 222–223.

42. Golf 1996: 82.

lekpreikar.⁴² Sokneprest i Sogndal til 1805, David Werner Christie, likte dårleg at Amble byrja å ha religiøse møte i haugiansk ånd, og krigen mot svenskane frå 1807 vart eit godt høve til å sende han vekk. Saman med broren Endre vart han innrullert i «det Leirdalske kompanie» som då låg ved Kongsvinger. Både Tomas og broren vart skadde og tekne til fange ved Enterud 19. juli 1808. Broren døydde på lasarettet året etter, medan Tomas i 1811 kom attende til Sogn og heldt fram som lærar, no i Luster.

Frå denne posisjonen gjorde Tomas Amble seg gjeldande som skulepolitikar. Då Stortinget i 1815 skulle handsame framtida til allmugeskulen, kom det inn fleire framlegg, og eitt av dei var frå Amble.⁴³ Framlegget hans på 26 foliosider med 41 paragrafar bar tittelen *Nogle Tanker om Almueskolevæsenet, samt et forsøgende Bidrag til en Plan for Dets bedre Indretning paa Landet*. Torgeir Næss fremja det på Stortinget, og det vart handsama av kyrkje- og skulekomiteen. Det vart lagt mindre vekt på



Jostedal kyrkje (bygd 1660) og prestegard, fotografert av Knud Knudsen 1895–1902 (utsnitt). Hovudbygningen i prestegarden var frå 1840-åra, men elles må det i hovudsak ha sett slik ut i 1814 òg.

43. Golf 1996: 147.

framlegget i denne omgangen, men fleire av tankane Amble hadde mål-bore, kom inn i skulelova i 1827.

I 1820 vart Amble lærar ved «det Ankerske Vaisenhus» i Kristiania. Her såg han at lærarane hadde for lite utdanning, og han vart ein pioner i lærarorganiseringa. I 1821 var han med på å skipe «Christiania Skolelærer-Forening», som då var det første lærarlaget i landet, og han vart fyrste formann. Men Amble hadde fått ein helseknekk i svensk krigsfangenskap, og 10. oktober 1822 døydde han, berre 42 år gamal. Han er likevel det fremste dømet frå Indre Sogn attåt stortingsmennene på at haugerørsla stimulerte eit politisk engasjement og skapte ein karriereveg som kunne få utlaup i det politiske systemet etter 1814, trass i motstand frå embetsmannshald.

Jostedalen: Soknepresten i klammeri med bondeeliten

I Jostedalen vart to brør valde som representantar til valtinget i Vik 30. mars 1814, gardbrukarane Rasmus Larssen Fåberg og Tøger Larssen Kruna. Både far deira (Otto Tøgersen Snøtun) og bestefar deira (Tøger Ottosen Snøtun) hadde vore lensmenn i Jostedalen, og dei kom frå ei bondeslekt som lenge hadde høyrte til det leiande laget i jostedalssamfunnet.⁴⁴ På fullmakta frå Jostedalen 18. mars skil dei seg ut ved å vere mellom dei fem (av 13) som signerte med eiga hand. Dei tre andre var sokneprest Holger Halling Schjødt, klokkar Johannes Asbjørnsen Hus og andre forlikskommisær Sjur Breum.

Dei næraste i Jostedalen til å la seg velje i staden for brørne Rasmus og Tøger, var soknepresten, klokkaren og forlikskommisæren. Klokkar Johannes Asbjørnsen Hus hadde fått ein framstående posisjon i Jostedalen og hadde ått Jostedal kyrkje sidan 1793.⁴⁵ Han nærma seg 63 år, men han møtte som valmann frå Jostedalen både i 1823 og 1826, siste gongen som 75-åring, så det var neppe alderen som hindra han i 1814. Sjur Olsen Breum var den fyrste gardbrukaren som vart forlikskommisær. Han var 53 år i 1814 og «ein mykje vyrd mann i bygdi».⁴⁶ Det finst hel-

44. Jf. Hoel 2013.

45. Lokalhistoriewiki. Johannes Asbjørnson Hus. http://lokalhistoriewiki.no/index.php/Johannes_Asbj%C3%B8rnson_Hus [Tilgang 18.8.2013].

46. Lokalhistoriewiki. Sjur Olson Breum. http://lokalhistoriewiki.no/index.php/Sjur_Olson_Breum [Tilgang 18.8.2013].

ler ingen opplysningar om kvifor han ikkje vart vald, men ein kan mistenkje at Hus og Breum ikkje vart valde fordi dei vart rekna som sokneprestens menn i bygda.

Det som er sikkert, er at det var ein skarp konflikt i bygdesamfunnet på same tida som valet til riksforsamlinga gjekk føre seg. På sommartinget 13.–15. juni 1814 reiste futen sak mot sju gardbrukarar i øvste del av Jostedalen som var klaga inn av sokneprest Schjødt. Kлага galdt «Uorderne» som hadde oppstått laurdag 11. desember 1813. Då hadde ein auk-sjon på garden Elvekrok utarta til eit heller lystig lag med drikk, kortspel og spelemannen Hans Olsen Nedreli i ei sentral rolle. Saka vart utsett til hausttinget fordi presten ville kalle inn to vitne til, men ho ser ikkje ut til å ha kome opp att, så det heile rann ut i sanda.⁴⁷

Soknepresten si klage var dagsett 23. desember 1813, så saka var i rettssystemet medan vala til riksforsamlinga gjekk føre seg, og ho etterlèt ingen tvil om at soknepresten kom på kant med mektige menn av allmugen etter berre eit drygt år i embetet. Dei to valmennene, brørne Tøger Larsen Kruna og Rasmus Larsen Fåberg, var nettopp mellom dei sju som var klaga inn for tinget. Dermed er det ikkje urimeleg om valmannsvalet 18. mars 1814 vart eit oppgjær mellom presten og hans næraste folk imot det leiande sjiktet i bondesamfunnet.

Til det ekstraordinære Stortinget hausten 1814 vart ein annan gardbrukar vald: Rasmus Hansen Hellegård.⁴⁸ Han var ikkje mellom dei sju som var klaga inn for tinget av presten året før. I høve til valet til riksforsamlinga hadde røysterettsreglane i Grunnlova no innsnevra kven som var valbare. Dette råka danskfødde sokneprest Schjødt, som ikkje var røysterettskvalifisert fordi han ikkje hadde opphalde seg fem år i landet, og korkje klokkar Hus, forlikskommisær Breum eller Rasmus Larssen Fåberg skaffa seg røysterett ved å avleggje grunnlovseiden på sommartinget. Etter sommartinget var det i alt 12 røysteføre (og valbare) jostedølar. Tøger Kruna var mellom dei, men vart altså ikkje vald – uvisst av kva grunn. Til det fyrste ordinære Stortinget i 1815 er det ingen spor etter val i kyrkjeboka, og det møtte heller ingen frå Jostedalen på valtinget. Etter dette er det ingen kontinuitet i valmannsvala før klokkar Hus altså møter på to valting etter kvarandre i 1823 og 1826.⁴⁹

47. AD. Tingbok for Indre Sogn sorenskriveri 1814–1818: 62a–66a.

48. AD. Ministerialbok for Jostedalen 1807–1837: 21b.

49. SAB. Valprotokoll for Sogn og Fjordane 1815–1925: 10b og 13b.

I Jostedalen er det ikkje all verda å få ut av listene over sylvskatten. Prestegjeldet var pålagd å reise eit innskot på 100 spd, altså mindre enn det Torgeir Næss i Luster betalte åleine. Dette vart utlikna på 52 gardbrukarar som dermed betalte berre 1,92 spd i snitt – altså 1/10 av snittet i Luster prestegjeld og under ¼ av snittet i Hafslo prestegjeld (8,6 spd). Fire gardbrukarar betalte 5 spd, mellom dei var valmann Tøger Kruna. Valmann Rasmus Fåberg låg òg over snittet med 3 spd. Dei tolv som skreiv under fullmakta, betalte i snitt 2,35 spd, altså litt over prestegjeldssnittet. Sju underskrivarar plasserte seg over snittet, fem under. Me kan såleis varsamt slå fast at 1814-aktørane i Jostedalen hadde tyngdepunktet sitt i det øvre økonomiske sjiktet i bondesamfunnet, men at ingen peikar seg ut som spesielt velstående om ein legg sylvskattelistingene til grunn.

Formidling av hendingane i 1814

Ovanfor er det sagt noko om korleis hendingane i januar–februar 1814 vart formidla i Indre Sogn. Etter riksforsamlinga må ein tru at sogningane raskt vart godt informerte. Sorenskrivaren i Indre Sogn, Lars Johannes Irgens, var eidsvollsmann, og hendingane om våren er nok grunnen til at det vart halde eit felles vårting for Luster, Jostedalen, Solvorn, Marifjøra, Sogndal og Norum skipreider frå 25. april, administrert av Friedrich Bøhme i Irgens sitt fråvær. Til vanleg hadde berre inntil to av desse skipreida felles ting. I april 1814 fekk såleis allmugen i området som dekkjer dagens kommunar Luster og Sogndal (minus Fjærland), uvanleg nok ein felles møteplass der dei rikspolitiske hendingane og den pågåande riksforsamlinga nok vart drøfta.


Det fyrste tinget i Indre Sogn som Irgens sjølv møtte på etter riksforsamlinga, var sommartinget for Luster og Jostedalen 13.–16. juni, og på dette og dei fylgjande tinga må ein tru somme av dei frammøtte fekk Irgens si fyrstehandsskildringa av kva som hadde skjedd på Eidsvoll. Her vart òg kunngjeringane frå riksforsamlinga og Kristian Fredrik publiserte.⁵⁰ Etter det ekstraordinære Stortinget hausten 1814 hadde Luster og grannebygdene fått endå eit fyrstehandsvitne i Torgeir Næss, og etter Stortinget 1815–16 hadde dessutan Hans Urdahl røynsle som stortings-

50. AD. Tingbok for Indre Sogn 1814–1818: 66a.

representant. Han var lensmann både i Luster (frå 1807) og Jostedalen (1808–16) på dette tidspunktet og hadde såleis omfattande kontakt med allmugen i båe prestegjelda.

Me har lite detaljert kjennskap til kva publikasjonar sogningane las omkring 1814, men vedtektene for sokneselskapet i Luster fortel iallfall om nokre skrifter som skulle kjøpast inn, lånast ut og lesast høgt på skulen. Mellom dei var *Budstikken*, som var bladet til Selskabet for Norges Vel og eit av dei viktigaste presseorgana i Noreg på denne tida.


Kyrkjeboka frå Jostedalen gjev elles eit gløtt inn i engasjementet til sokneprest Holger Halling Schjødt utover hausten. Den 23. oktober hadde meldinga om unionen med Sverige nådd soknepresten i Jostedalen, og han har notert dette i kyrkjeboka:⁵¹



21t Søndag efter Trinitatis [23. oktober] Gudstjeneste, oplæst Kundgjørelse omkring Christian Frederiks Krones Nedlæggelse og Norges Foreening med Sverig!!!

Ropeteikna til presten sat òg laust då meldinga om kroninga kom:

3d Søndag i Advent [11. desember]. Ditto [Gudstjeneste]. Oplæst Statsraadets Kundgjørelse om at have valgt den svenske Konge Carl d. 13de til Norges constitutionelle Konge!!!—



Nyttårsdagen 1815 hadde han likevel greidd å roe seg ned. No har han notert knapt og forretningsmessig: «Nyeaarsdag. Taksigelser for Freden og Norges Forening med Sverrig».

51. AD. Ministerialbok for Jostedalen 1807–1837: 21b.

Røysteretten 1814–38 – Jostedalen som dømme

Jostedalen var eit lite prestegjeld (520 innbyggjarar i 1815), så det er ei overkomeleg oppgåve å skaffe seg eit komplett oversyn både over røysteføre og røysterettskvalifiserte i 1814 og dei fylgjande åra. Her skal utviklinga av røysteretten i Jostedalen fylgjast fram til innføringa av formannskapslovene i 1838.

Paragraf 51 i Grunnlova føreskreiv at «Enhver skal, forinden han indføres i Mandtallet, offentligen til Thinge sværge Constitutionen Troskab.» Den same paragrafen påbaud òg futane og prestane å føre manntal over dei røysteføre, og 13. juni 1814 gjekk det ut eit kongeleg reskript til stiftamtmenn, biskopar og overøvrighetene på landet om å syte for effektivering av paragraf 51.⁵²

Dette skjedde på hausttinget for Luster og Jostedalen 9–10. september 1814, og tingboka gjev eit innblikk i korleis det gjekk føre seg. Rett etter at tinget var sett, «begiærede» dei to manntalsførarane, futen Endresen og sokneprest Qvale, at «samtlige Stemmeberettigede i Lysters Præstegjeld» skulle avleggje eiden. Etter at dei alle «have hørt Grundloven forelæst», lovde dei «med Lovens Eed og oprakte Fingre» å «ville efterleve» Grunnlova.⁵³ Tingseta dagen etter byrja med at dei resterande lustringane og dei tolv tilstadeverande jostedølene gjekk gjennom same prosedyre. Desse tolv utgjorde etter dette det samla elektoratet i Jostedalen under valet til det ekstraordinære Stortinget åtte dagar etter.

Alf Kaartvedt har skildra eidsavleggingane i 1814 som «en masseakt».⁵⁴ Måten dette gjekk føre seg på i Luster, fortel at embetsmennene rekna det som sjølvsagt at dei røysterettskvalifiserte skulle avleggje eiden. Dei same forventningane og det kollektive prega òg eidsavlegginga på dei seinare tinga. Under hausttinget for Luster og Jostedalen 25. oktober 1820 vert det uttrykt slik i tingboka: «Derefter blev tilspurgt om der fandtes nogen som ei have aflagt Eed til Constitutionen, og fremstod som ei have aflagt Eed: [namn]».⁵⁵ Ein kan nok såleis rekne med at dei aller fleste som møtte på tinget, om ikkje alle, avla grunnlovseiden. Dette vil nok òg seie for Jostedalen sin del at hovudgrunnen til at ein del av dei røysterettskvalifiserte ikkje avla eiden og skaffa seg røysterett, var at dei

52. Kaartvedt 1964: 89.

53. AD. Tingbok for Indre Sogn 1814–1818: 122b.

54. Kaartvedt 1964: 89.

55. AD. Tingbok for Indre Sogn 1818–1823: 431b.

ikkje var til stades på tinga – truleg fordi det ikkje var grunnar til at dei måtte eller ville dit.

På sommartinget 7. juni 1815 avla fem jostedølar til eiden, så ein var no oppe i 17 jostedølar med røysterett før valet i 1817. I kvart av åra 1818 og 1820 avla éin jostedøl eid, og i 1823 tre til. Etter dette kom det til 3–5 i kvart av åra 1828, 1829, 1835 og 1837 før heile 16 avla grunnlovseiden i mai 1838.⁵⁶ Det var tvillaust innføringa av formannskapslovene frå 1. januar 1838 som gjorde at fleire jostedølar ville skaffe seg røysterett før vala til formannskapet og representantskapet. Frå 1814 til 1838 er det i alt registrert at 56 menn frå Jostedalen skaffa seg røysterett. Om ein held utanfor dei 12 som fekk røysterett i 1814 og held seg til dei som fekk røysterett 1815–38, finn me at det i gjennomsnitt gjekk 4,2 år frå dei var kvalifiserte til dei skaffa seg røysterett. Berre for fire bønder gjekk det meir enn 10 år (11, 15, 18 og 24). Ni brukte 5–9 år og sju brukte 3–4 år. Heile 36 av 56 (64 %), medrekna '1814-bøndene', brukte altså *under tre år* frå dei vart kvalifiserte til dei hadde avlagt eid. Når ein skal vurdere kor lang tid det tok før jostedalsbøndene avla grunnlovseiden, og kvifor nokre aldri gjorde det, er nok avstanden til bygdetinget ein vesentleg faktor. Det vart halde felles bygdeting for tinglaga Jostedalen og Luster, og dei vart alltid haldne i Dale i Luster, ein krevjande dagsmarsj frå Jostedalen.

Gjennomgangen viser òg at av dei som skaffa seg røysterett, var det berre i nokre få tilfelle at alderen avgrensa bøndene frå å bli røysterettskvalifiserte. Dei aller fleste fekk hand om eit gardsbruk som sjølveigarar og vart kvalifiserte *etter* at dei var fylt 25 år. Berre sju av 56 var sjølveigarar før fylte 25 år og måtte vente til dei var gamle nok.

I Jostedalen finn ein òg interessante geografiske skilnader på kven som skaffa seg røysterett i perioden. Det var heilt tydeleg meir populært å skaffe seg røysterett i dei øvre enn i dei midtre og nedre delane av bygda. I dei øvste grendene, Mjølvergrendi og Fåberg, var det gardbrukarar med røysterett på alle matrikulerte bruk så nær som eitt i 1820. På dei matrikulerte bruka i Krundalen, den nest øvste krinsen i bygda, skaffa alle bøndene seg røysterett alt i 1814–15 så nær som bonden på Haugen, som kom etter i 1829. I den midtre grenda Krekane med Bakken ordna dei seg med røysterett på fem av sju matrikulerte bruk alt i

56. Jostedal historielag. Rekonstruert manntal 1814–1838 med kommentarar. http://www.historielaget.jostedal.no/?page_id=1713 [Tilgang 18.8.2013].

1814–15. Vamberg-bonden kom etter i 1823, åtte år etter at han var kvalifisert, og den siste, klokkaren Johannes Hus, skaffa seg òg røysterett (uvisst når) og var som nemnt valmann 1823 og 1826.

Så vert det færre nedover dalen. På dei sju matrikulerte bruka mellom Bakken og Myklemyr finn me *ingen* med røysterett før 1818. Den som verkeleg glimrar med fråværet, er den nemnde forlikskommissæren Sjur Olsen Breum på garden nærast Prestegarden og kyrkja. Han var røysterettskvalifisert fram til han skøyte garden over på sonen Guttorm i 1830 og ikkje eldre enn kring 53 år i 1814. Han var ein framstående mann i bygda, var forlikskommissær og ein av dei som (eigenhendig) skreiv under fullmakta i mars 1814. Sonen Guttorm skaffa seg derimot røysterett to år etter at han fekk skøyte på garden i 1830.

Me må heilt fram til 1838 for å finne gardbrukarar med røysterett i Fossen og Åsen. Ein av dei som då kom etter, var 61-åringen Ole Eriksen Åsen. Han og Søren Olsen Ormberg (62 i 1838) var dei to eldste jostedølane som fekk røysterett 1814–1838. I den nedste grenda, Myklemyr, var det derimot bønder med røysterett alt i 1814 på to av dei tre matrikulerte bruka. På det tredje (Øy) var det ingen røysterettskvalifiserte før Otto Henriksen fylte 25 år i 1838, men då skaffa han seg òg røysterett med det same.

Går ein inn i dette på mikroplan, ser det såleis ut til å ha funnest ulike politiske kulturar i dei ulike grendene i ei så lita bygd som Jostedalen. Det at fleire skaffa seg røysterett i dei øvste delane, samsvarar òg med at fleire som kan identifiserast som bondeeliten i bygda, heldt til her, og at det var her ein fann dei som kom i klammeri med presten i desember 1813.

Kor stor del av dei røysterettskvalifiserte var det så som skaffa seg røysterett, og kor stor del av den vaksne folkesetnaden utgjorde dei? Ein gjennomgang av alle gardar i Jostedalen gjev det resultatet at det i 1814 var 26 røysterettskvalifiserte menn i Jostedalen.⁵⁷ Tolv av dei skaffa seg altså røysterett på hausttinget 1814 – det var truleg alle jostedølane som var til stades på tinget. Før sommartinget i juni 1815 vart to til kvalifiserte utan at nokon miste kvalifikasjonen, så då var det 28 kvalifiserte. Av desse 28 hadde altså 17 røysterett frå juni 1815. Det stod såleis att 11 røysterettskvalifiserte (sjølveigande bønder over 25 år) som ikkje

57. Øyane 1994.

ordna seg med røysterett i 1814–15, men fem av dei gjorde det seinare (1818–38).

Skal ein rekne ut kor stor del av den vaksne mannlege folkesetnaden som var røysterettskvalifiserte, må folketeljinga 1801 leggjast til grunn. Det året hadde Jostedalen 444 innbyggjarar. Av dei var 225 menn, og 96 av dei hadde fylt 25 år (21,6 % av folkemengda, på landsplan var talet 22,7 %). Av desse 96 var det 29 sjølveigarar og ein prest. Dersom Grunnlova hadde vorte innført i 1801, ville altså Jostedalen hatt 30 røysterettskvalifiserte, det vil seie 31 prosent av alle menn over 25 år. I 1815 var det 28 røysterettskvalifiserte i Jostedalen, medan folketeljinga same året viser eit folketal på 520. Om ein legg til grunn at talet på menn over 25 år framleis utgjorde 21,6 prosent av folketalet, gjev det 112 menn over 25 år i 1815. Det vil i så fall seie at 25 prosent av vaksne menn i Jostedalen var røysterettskvalifiserte, og at 15 prosent av dei vaksne mennene hadde røysterett. Dette er godt under Stein Kuhnles utrekning, som seier at 45 prosent av alle vaksne menn i landet var røysterettskvalifiserte i 1815 og at 29 prosent av alle vaksne menn hadde røysterett.⁵⁸ Av dei røysterettskvalifiserte var det mest like mange i Jostedalen som på landsplan som skaffa seg røysterett, trass i avstanden til bygdedetinget. Skilnaden ligg i at det var langt færre røysterettskvalifiserte i Jostedalen. Forklaringa på dette er nok eit stort husmannsvesen.

Avslutning

Kjeldegrunnlaget er skrint og seier lite direkte om politisk engasjement og tolkingar av dei rikspolitiske hendingane i 1814 i Indre Sogn. Det er heller ikkje mykje å finne om eventuelle diskusjonar og konflikhtar kring valet til riksforsamlinga om våren og til det ekstraordinære Stortinget om hausten 1814.

Det er likevel heilt klart og ikkje overraskande at ryktet om at Fredrik 6. hadde fråsagt seg den norske trona 14. januar, hadde nådd Sogn før det opne brevet frå Kristian Fredrik 19. februar nådde fram. Og om ikkje før vart allmugen godt orientert om hendingane på bededagen 18. mars (i Eivindvik 11. mars). Kjeldene teier om eventuelle konflikhtar og alternative kandidatar i samband med valmannsvala same dagen, men

58. Kuhnle 1972.

dei to djupdykka i prestegjelda Luster og Jostedalen gjer det lite sannsynleg at valet skjedde konfliktfritt.

Dei to døma viser fram temmeleg ulike konfliktliner. I Jostedalen la presten seg ut med leiande krefter i allmugen i freistnaden på å kome «uordener» som festing og kortspel til livs. I Luster var det derimot motsetnadene mellom presten og dei haugianske miljøa som hadde dominert nokre år før og som truleg òg gjorde seg gjeldande i 1814 – sokneprest Qvales uro over den politiske rolla til haugianarane var iallfall svært tydeleg i 1815. Dei festglade jostedølane og dei religiøse lustringane hadde likevel éin ting sams: Med vala til riksforsamlinga og deretter Grunnlova og vala til Stortinget fekk dei ein heilt ny arena for politisk deltaking som dei kunne utnytte, noko dei også gjorde. Skipinga av allmugeforeininga og sokneselskapet i Luster 1812–13 viser oss at det å opptre i friviljuge og langt på veg opne og demokratiske samanslutningar ikkje var noko framandt for lustringane våren 1814. Slik sett må ein kunne leggje til grunn at det rådde klare idear om folkestyre og folkesuverenitet både i Luster og sikkert òg i dei andre bygdene på denne tida.

Avstanden er stor mellom avhøyra som det repressive einevaldsregimet gjennomførte av haugianarane i Luster og Hafslo 1806–07, og det politiske gjennomslaget dei same miljøa, med Grunnlova i hand, kunne få i si eiga bygd berre 7–8 år seinare utan at soknepresten og hans folk hadde makt til å stogge dei. Også jostedølane nytta dette høvet til å gå utanom soknepresten og velje folk av allmugen som valmenn. Desse to døma gjer det såleis tydeleg korleis Grunnlova gav nye grupper makt, utan at det her har vore tema korleis denne makta vart nytta oppover i det politiske systemet.

Kjelder og litteratur

Uprenta kjelder

Arkivverket. Digitalarkivet (AD)

Folketeljinga 1801.

Sølvskatten 1816.

Ministerialbok for Hafslo prestegjeld 1807–1821.

Ministerialbok for Jostedal prestegjeld 1807–1837.

Ministerialbok for Luster prestegjeld 1803–1821.

Ministerialbok for Sogndal prestegjeld 1809–1821.
Tingbok (A 51) for Indre Sogn sorenskriveri 1814–1818.
Ekstraretsprotokoll (Ba 1) for Indre Sogn sorenskriveri 1804–1810.
Statsarkivet i Bergen (SAB)
Fylkesmannen i Sogn og Fjordane. Valprotokoll 1815–1925.
Hafslo sokneprestembete. Journal 1814.

Prenta kjelder og litteratur

- Arkivverket. 1814 – våre første nasjonale valg. <http://www.arkivverket.no/arkivverket/Tema/1814/1814-vaare-foerste-nasjonale-valg>
- Arkivverket. Forum for Digitalarkivet. Mogens Hanstoffer Tobiesen. <http://forum.arkivverket.no/topic/173393-mogens-hanstoffer-tobiesen-1749-1820-prokurator-fraa-kongsberg-til-urnes-i-sogn-huslydenhans/>
- Bang, A. Chr., *Hans Nielsen Hauge og hans samtid. Et tidsbillede fra omkring aar 1800*, Kristiania 1910.
- Bergsgård, Arne, Valadressene til Christian Frederik, i *Historisk tidsskrift*, 33, 1943–46: 1–41.
- Golf, Olav, *Haugebevegelse og folkeopplysning 1800–1860. Utgitt i forbindelse med Hauge-jubiléet i 1996*, Oslo 1996.
- Hoel, Oddmund L., Offentlege krisetiltak i Jostedalen 1742–43, i *Heimen* (nr. 1), 2013: 65–83.
- Hommerstad, Marthe, *Politiske bønder. Bondepolitikk og Stortinget 1815–1837*, Oslo 2012.
- Jostedal historielag. Rekonstruert manntal 1814–1838 med kommentarer. http://www.historielaget.jostedal.no/?page_id=1713
- Kuhnle, Stein, Stemmeretten i 1814. Beregninger over antall stemmerettskvalifiserte etter Grunnloven, i *Historisk tidsskrift* (nr. 4), 1972: 373–390.
- Kaartvedt, Alf, *Det Norske Storting gjennom 150 år. Fra Riksforsamlingen til 1869*, bd. 1, Oslo 1964.
- Laberg, Jon, *Luster. Bygd og ætter*, Bergen 1926.
- Lampe, Johan Fredrik, *Bergens stifts biskoper og præster efter reformationen. Biografiske efterretninger*, bd. 2, Kristiania 1896.
- Bøyesen, Ulrik Frederik, *Taler paa den anordnede høitidelige Bededag holdne i Leirdals Hovedkirke den 18de Marts 1814*, Christiania 1814.

- Lindstøl, Tallak, *Stortinget og statsraadet 1814–1914. Biografier*, bd. 1, Kristiania 1914.
- Lokalhistoriewiki, Johannes Asbjørnson Hus, http://lokalhistoriewiki.no/index.php/Johannes_Asbj%C3%B8rnson_Hus
- Lokalhistoriewiki, Sjur Olson Breum, http://lokalhistoriewiki.no/index.php/Sjur_Olson_Breum
- Nilsen, Halkild, *Skolestell og folkeopplysningsarbeid i bygdene i Bergens stift 1800–1850*, Oslo 1953.
- Olafsen, Arnet og Kr. Birch-Reichenwald, *Adresser og Fuldmagter*, Riksforsamlingens forhandlinger, bd. 2, Kristiania 1914.
- Pavels, Claus, *Claus Pavels's Dagbogs-Optegnelser 1815–1816*, Christiania 1867.
- Store Norske Leksikon, Hans Kristofersen Feigum, http://nbl.snl.no/Hans_Kristofersen_Feigum/utdypning
- Svendsen, Sigrid, *Kristenliv i Romsdalen 1809–1864*, Oslo 1931.
- Tang, Per, Haugianismens barndom i Indre Sogn, i *Sogns Tidende*, 28. mai og 4., 5., 18., 22. og 25. juni 1909.
- Tiden. Et offentlig Blad af blandet Indhold* (nr. 69), 25.2.1814.
- Øyane, Lars E., *Gards- og attesoge for Luster kommune. Fortun sokn*, bd. 1, Gaupne 1984.
- Øyane, Lars E., *Gards- og attesoge for Luster kommune. Dale 1 sokn*, bd. 2, Gaupne 1986.
- Øyane, Lars E., *Gards- og attesoge for Luster kommune. Dale 2 og Nes sokn*, bd. 3, Gaupne 1987.
- Øyane, Lars E., *Gards- og attesoge for Luster kommune. Gaupne sokn*, bd. 4, Gaupne 1991.
- Øyane, Lars E., *Gards- og attesoge for Luster kommune. Jostedal sokn*, bd. 5, Gaupne 1994.
- Øyane, Lars E., *Gards- og attesoge for Luster kommune. Eikum Ytre – Høgi*, bd. 6, Gaupne 2006.

